

Alder: 3-5 år

## **Fokusområde 3: Gode relasjonar i måltidet**

**Standard:** Det er gode relasjonar i måltidet når:

**Indikator 1:** Den vaksne er lyttande og til stades

**Beste praksis:** Eg sit ved bordet, har blikkontakt med barnet og bekreftar at eg høyrer barnet ved kroppsspråk, gester eller verbal tilbakemelding.

- Eg er ein aktiv lyttar, der eg stiller spørsmål og viser interesse for barnet.

**Indikator 2:** Den vaksne skaper gode samtalar der alle blir sett og høyrde

**Beste praksis:** Eg som vaksen skal legge til rette for at alle barna får delta i samtalen ved at eg:

- Legg til rette for turtaking.
- Eg skal om mulig lage mindre grupper slik at eg lettare kan lytte, sjå og møte det enkelte barnet.
- Eg er nysgjerrig i lag med barnet.

**Indikator 3:** Den vaksne er tydeleg og har trygge rammer for måltidet.

**Beste praksis:** Eg som vaksen skal følge dei faste rutinene (arbeidsinstruksen), bruke lav stemme og vere forutsigbar for barna.